

«MottakerNavn»  
«Kontakt»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
«Ref»	2022/132-8	14.05.2024

## **Delegert vedtak - Reguleringsendring for del av Torpo industriområde og masseuttak - T4 - planID 2009006**

### **Saksopplysningar/bakgrunn:**

Øygaard AS ynskjer å gjennomføre ei mindre reguleringsendring for del av «Områderegulering for Torpo industriområde og masseuttak - planID 2009006».

Føremålet med planarbeidet er å endre kotehøgde for uttak av massar innanfor området T4. Vidare å endre føremålsgrensene til områda T2, T3 og T4, samt å ta V3 ut av plankartet. Tomt T4 har i gjeldande plan minimumshøgde på 340 moh. Det er føretatt nedplanering til kote 338 og kote 336 i området i dag, og i samband med dette legg reguleringsendringa opp til ei endring av føremålsgrensa til områda T4, T3 og T2. T4 er foreslått delt i to, kor området som ligg på kote 338 tilførast T2, og området som ligg på kote 336 blir slått saman med den sørlege delen av T3. Endringa fører då til at område T4 vil grense til eksisterande veg, og det vil derfor ikkje vere naudsynt å behalde V3. Denne er derfor tatt ut i forslaget til reguleringsplanendringa.

Det har i samband med varsel om oppstart av planarbeidet kome inn fire merknader til reguleringsendringa.

### **Miljøkonsekvensar:**

Planframlegget vil etter Rådmannen si vurdering ikkje få konsekvensar for måla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5. Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i lovas §§ 8 til 12 leggast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, og vurdering og vektlegging skal gå fram av vedtaket.

Reguleringsendring for del av Områdereguleringsplan for Torpo industriområde og masseuttak – T4 har allereie medført nedbygging av natur, og planendringa vil i seg sjølv derfor ikkje føre til meir nedbygging- og følgeleg ikkje råde ved prinsippa i naturmangfaldlova. Det er innanfor området heller ikkje registrert sjeldne naturtypar eller artar av nasjonal forvaltningsinteresse i Naturbasen til Miljødirektoratet.

Samla sett er dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova vurdert som ivareteke.

**Vurdering:**

I høyringa kom det inn fire uttaler til reguleringsendringa. Viken fylkeskommune, Statens vegvesen og NVE hadde ingen spesielle merknader til planendringa innanfor sine fagfelt.

Statsforvaltaren i Oslo og Viken kom i sitt innspel til høyringa med ei anbefaling om å ivareta bekken og kantvegetasjonen jf. pbl § 1-8, som ligg i område T3. Utover dette hadde dei ingen spesielle merknader til endringa av planen. Etter nærmare undersøkingar viser seg likevel at det ikkje renn nokon bekk gjennom dette området, men meir ei grøft kor det samlar seg (regn)vatn og som elles er tørr. Rådmannen meiner derfor det ikkje er naudsynt med omsynssone her.

Med planendringa vil grensene endrast. Om lag halve området av T4 blir no ein del av området T2, som er planert ned til 338 moh. Den andre halvdel av T4 blir slått saman med sørlege del av T3, og ligg på 336 moh. Dette arealet blir heitande T4. Tomt T3 blir altså delt i to, og det resterande nordlege T3 ligg som før på 335 moh.

Dei foreslåtte endringane vil etter Rådmannens vurdering ikkje endre planen i vesentleg grad, og den vil heller ikkje gi nokon negative konsekvensar.

**Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 vedtek Ål kommune, med delegert mynde frå kommunestyret, reguleringsendring for del av «Områdereguleringsplan for Torpo industriområde og masseuttak, planID 2009006» i samsvar med vedteke plankart datert 17.04.2023. Vedteke plankart er å finne på Ål kommune si heimeside [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no) under *Høyringar og kunngjeringar* og i planarkivet med planID 2009006.

**Høve til å klage:**

Vedtaket kan påklagast til departementet. Klage skal stillast til Statsforvaltaren i Oslo og Viken, men skal sendast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kom fram. Ein må opplyse om datoen for mottak av vedtaket, kva for vedtak ein klager på, endringar ein ynskjer og dei grunnar klagen støttar seg på. Klagen må vere underskriven.

Med helsing

Siri Rueslåtten Nedremyr  
arealplanleggjar

Elektronisk godkjent utan signatur

Vedlegg

1 RegplanEndring 230417.pdf

Mottakarar:

STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN

ASPLAN VIAK AS AVD ÅL

Sara Bergande

ØYGARD AS

ODDVAR ØYGARD AS

TORPO SKYTTERLAG

HALLINGDAL BETONG AS

HB-OK LYA EIENDOM AS

STATENS VEGVESEN LILLEHAMMER KONTORSTED

Bjørn Herbrand Tretterud

Ole Roar Hagen

Guro Torpe

Liv T Gullstein Torpe

Gerd Gunvor Toppen

Else Nora Skjerping

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE) REGION SØR

BUSKERUD FYLKESKOMMUNE